

Bibliotek- og bokbussjubileum.

09.12.2018



Vokalensemplet GLIMRAH var med på bibliotekjubileet. F.v: Line Taranger, Lina Storegjerde, Renate Koløy, Gjertrud Sydnes Furdal og Hallgjerd Kofoed Hegland.

**Kvinnherad bibliotek markerte på laurdag at det var 30 år sidan dei kom inn i nye lokale på Husnes. Før den tid hadde hovudbiblioteket vore i kjellaren i det som den gong var Samfunnshuset Husnes. Mobil bibliotekteneste i Kvinnherad med bokbuss har vore i 25 år. Per Myklebust var bokbussjåfør i nær på 10 år før han vart pensjonist.**

På ein sundag i desember 1988 opna det nye og særmerkte biblioteket på Husnes. Bygget, teikna av arkitekt Ristesund, vekte merksemrd over heile landet. Agust Magnusson var biblioteksjef og forfattar Anne Kari Fonneland var den gongen bibliotekar. I tillegg til hovudbibliotek og bokbuss var det filialar i mange bygder. Dei siste filialane som vart nedlagde, var Hatlestrand og Halsnøy.

Per Myklebust overtok som bokbussjåfør i 2009 etter å ha vore dagleg leiar på Rosendal samfunnshus i mange år. Myklebust, som er utdanna bilmekanikar, var ein god mann å ha på den tilårskomne bokbussen med mange tekniske utfordringar. Per Myklebust hadde eit mål om å vera sjåfør fram til ny bokbuss var på plass. Det let seg ikkje gjera då innkjøpet drog ut i tid. Myklebust vart pensjonist tidleg i 2018, godt over 70 år gammal.

Vokalensemplet GLIMRAH var med på 30 års markeringa, denne gongen leia av Hallgjerd Kofoed Hegland.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Edvard Taranger/Kristian Bringedal



Per Myklebust var bokbussjåfør i perioden 2009 - 2018.